

Hege's reflekterande team

Reflekterande team som rettleiingsøving er basert på systemisk rettleiing, og finst i mange variantar. Målet er å få fram ulike perspektiv, relasjonar og samanhengar i forståing av eit problem, ei utfordring, ein situasjon.

Tilrettlegging: lag sirkel (utan bord) med 5-8 i eit reflekterande teamet saman med ein som legg fram kasus til diskusjon. Gruppa vel rettleiar/ordstyrar og bestemmer seg for kven som skal legge fram problemstilling. Øvinga tek om lag 50 minutt, men de kan gjennomføre steg 1-4 to gongar og så ta metasamtalen (steg 5) for begge rundane til slutt. Denne øvinga kan gjerne utvidast i tid, spesielt refleksjonsrunden.

1. **Kasusframlegging** (5 minutt): Kan gjerast på mange måtar, som problemstilling, kasus, praksisforteljing....Viktig å formulere ei tydeleg problemstilling – kva ønskjer eg innspel på?
2. **Spørjerunde** (10 minutt): Gruppemedlemmane i teamet får høve til å spørje etter faktiske opplysningar, gjennom å stille spørsmål for å tydeleggjere problemet/utfordringa/konteksten.
3. **Refleksjonsrunde** (20 minutt): Den som har lagt fram saka går ut av gruppa og set seg utanfor (med ryggen til), men likevel så nær at vedkomande høyrer det som blir sagt. Deltakarane i det reflekterande teamet skal kome med si subjektive oppleving av det som vart lagt fram og med si subjektive forståing. Rettleiar/ordstyrar styrer ordet og skapar liv i refleksjonsrunden om den stoppar opp. Prøv å sjå saka frå ulike sider.
4. **Oppsummering** (5 min): Den som har lagt fram sak/tema/problemstilling skal seie noko om korleis det har vore å høyre på dei andre sine refleksjonar, og seie noko om kva vedkomande tenkjer kan vere nyttig i høve til vidare arbeid.
5. **Metasamtale** (10 minutt): Teamet reflekterer om innhaldet og prosessen. Korleis opplevde deltakarar, problemeigar og rettleiar/ordstyrar denne øvinga, og kva kan/bør gjerast annleis for at øvinga passer denne gruppa betre.

Lukke til!